

## Miljø

- Kvam Venstre vil vera ein pådrivar for miljøarbeid i Kvam
- Det må utarbeidast ein ny klimaplan for Kvam.
- Ladestasjonar for el-bilar i kvar bygd.
- Private ureiningar og ulovlege fyllingar må ryddast opp i.
- Miljøkonsekvensar må vera med ved alle kommunale utgreiingar
- Naturlege vassvegar må så langt råd er, haldast opne.
- Omlegging til batteriferje på strekninga Tørvikbygd – Jondal.
- Vidare utbygging av gang-/ sykkelvegar og turstiar
- Strenge reglar for motorferdsle i utmark.



1. Ingrid Bjørke Nisamjan

Ingrid (57 år) arbeider som marknads-konsulent i lokalavisa Bygdanytt. Ho vil arbeida for at Hardanger-tunellen vert realisert som del av eit større samferdselsprosjekt.



2. Helge Karlsøen

Helge (67 år) arbeider som rekneskaps-kontrollør i Kvam herad. Han vil at Kvam skal vera ein attraktiv bustadkommune med trygge og utviklande oppvekstvilkår, og at ein er sikra ein verdig alderdom.

Stem på



ved valet 2015

## Ei blømande framtid med Kvam Venstre

Eit grønt alternativ i sentrum av norsk politikk  
Fridom under ansvar - Toleranse  
Ansvarleg økonomistyring  
Kvam Venstre vil utvikla eit kreativt Kvam  
for framtidig vekst og velferd

Foto: Kvit skogfrue ved Ålvik – Kvemmingar var med på redningsaksjonen for denne trua arten.  
(Foto: Steinar Skred)

## Økonomi

- Heradet har opparbeidd seg ein trong økonomi. Venstre vil i perioden føra ein ansvarleg økonomisk politikk
- Eigedomsskatten er lite ønskjeleg. Me har som mål at satsen ikkje skal aukast.
- Vedlikehald av kommunale eigedomar skal styrkjast.
- Skule- og barnehageutbygging skal ferdigstillast innanfor forsvarlege økonomiske rammer.

## Kunnskap og utdanning. Skule, barnehage, oppvekst

- Born og unge må få best mogleg opplæring ut frå deira evner og føresetnader.
- Elevar med særlege behov må få opplæring av kvalifiserte lærarar
- Me ønskjer ein skule med motiverte og engasjerte lærarar
- Kvam skal halda fram kompetanseutviklinga for lærarane.
- Ressursane i skulen må i større grad nyttast til læring, ikkje byråkrati
- Samlokalisering av vidaregåande skular i Kvam i samarbeid med fylkeskommunen.

## Integrering

- Med god integrering og språkopplæring er innvandrarar ein ressurs for Kvam.
- Me vil støtta integreringsarbeidet som frivillige organisasjonar driv.
- Kvam skal halda fram med å ta imot flyktningar.
- Stillinga som flyktningguide-koordinator må vidareførast.

## Helse og omsorg

- Opprustinga av Strandebarmshemen må prioriterast.
- Legetenestene i Strandebarm må haldast oppe på eit akseptabelt nivå.
- Tenestene til innbyggjarar som treng helse-/pleietenester, må ha høg kvalitet.
- Styrkja tilbodet innan rusomsorg og psykisk helse.
- Bygging av nye omsorgsbustader må prioriterast. Det må skaffast fleire rehabiliteringsplassar ved Tolo-heimen, og avdelinga for demente må flyttast til eigne og godt tenlege lokale med veileigna uteområde.
- Einerom til alle bebuarar på institusjonane

## Samferdsle

- Håfjells-tunellen må gjennomførast med vesentleg større tilskot frå staten enn Kvammapakken har, og utan bompengestasjon mellom Øystese og Norheimsund.
- Vidare opprusting av FV 7 som viktig alternativ og avlastingsveg for E 16 .
- Hardangertunell under Kvamskogen, som del av ny stamveg E 134.
- Utbetring av vegen Øystese – Skålheim – Norheimsund, og vurderer tidsavgrensa stenging av vegen på Norheim for tunge køyretøy i tida born er på skuleveg.
- Parkeringsplassar i Norheimsund for buss-pendlarar
- Ferdigstilla gang- og sykkelveg i Ålvik, frå røyrgata til Vikedal.
- Godt vedlikehald av kommunale vegar.
- Ferdigstilla rundkøyring nummer to ved Esso-en i Norheimsund.

## Idrett og Kultur


- Kvam Venstre vil oppretthalda tilskota til frivillige organisasjonar.
- Kvam Venstre ønskjer å vedlikehalda/oppretthalda symjebassenga på skulane i Ålvik, Øystese og Norheimsund for ei god symjeopplæring til alle i grunnskulen, og for å gje eit godt tilbod til alle organisasjonane som brukar bassenga.
- Regionalt kulturhus bør verta det neste større utviklingsprosjektet for heradet.
- Kvam herad kan medverka til etablering av Hardangerbadet i Øystese, men utan å ta kommunalt driftsansvar.

## Næring og verdiskaping

- Ferdigstilling av regulert næringsareal i Sandvenhagen – Belsen snarast.
- Kvam Venstre er imot sundagsopne butikkar.
- Landbruk er ei viktig næring i Kvam. Heradet må vera offensivt og leggja til rette for utvikling i næringa. Matproduksjonen i Kvam bør aukast.
- Kvam Venstre vil støtta utviklinga av nisjeproduksjon
- Me vil vera restriktive i spørsmål om omdisponering av areal med god matjord til andre føremål enn jordbruk om det ikkje vert erstatta med tilsvarande areal.
- Vidareutvikla Kvamskogen som eit av dei viktigaste hytte-, fritids- og rekreasjonsområda i landet.
- Oppdrettsnæringa er viktig for Kvam, og må utviklast ut frå berekraftige prinsipp.
- Me må arbeida hardt for å få statlege/fylkeskommunale arbeidsplassar til kommunen. Det er viktig for å skapa vekst i næringslivet.
- Det er viktig å kunna tilby arbeidsplassar og rimelege bustader for ungdom.
- Venstre vil arbeida for at eit nasjonalt hardingfelesenter vert lagt til Kvam.

## Kommunesamanslåing

- Kvam er med i utgreiing av kommunesamanslåing i fleire retningar, både mot Fusa/Samnanger og Hardanger. Målet må vera ein kommune som har eit godt tenestetilbod for innbyggjarane!



Frå Aksnes mot Valland, Børve, Laupsa og Torefjell, Skrott, Manfjell.